

Regjeringa må sikre utdanning for alle

I sommar vart ein rapport frå Proba om barrierar i høgare utdanning for personar med nedsett funksjonsevne lagt fram av barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Rapporten viser det som for oss er ei kjend sanning: Mange unge menneske møter så store hinder i møte med studiekvardagen at det blir vanskeleg – og nokre gongar umogleg – å gjennomføre. Landsmøtet i Noregs Handikapforbunds Ungdom (NHFU) ber med dette om at regjeringa ved statsråd for forskning og høgare utdanning, Iselin Nybø, set inn naudsynte tiltak for å sikre at fleire kan byrje – og gjennomføre – studium.

Det er ingen grunn til at menneske med nedsett funksjonsevne skal ha lågare utdanningsnivå enn andre. Likevel er det tilfelle, og mykje av det skuldast ulike barrierar ein møter i utdanninga. I rapporten blir det peikt på fleire typar av desse. Det kan vere fysiske barrierar i lesesalar og forelesingsrom, pedagogiske barrierar i møte med sjølv aktivitetane i studiet, barrierar i møte med bruk av digitale læremiddel og ikkje minst vanskar med å finne eigna bustad. Faktisk seier ein av fire respondentar at funksjonsnedsetjinga deira påverkar bustadbehovet. Halvparten av disse meiner det er vanskeleg å finne eigna bustad. Altfor få studentbustader er universelt utforma, og ofte bur det personar som ikkje har funksjonsnedsetjingar i desse. Det er uhaldbart.

Eit anna aspekt rapporten trekker fram er det økonomiske. Meirkostnadene som følgjer av å ha ei funksjonsnedsetjing skal bli dekt av eit tilleggsstipend frå Lånekassen. Ein føresetnad for å ta imot dette tilleggsstipendet er at ein ikkje får jobbe på sida av studia. Eit klart svar frå respondentane i rapporten er at dette ikkje dekker dei reelle utgiftene. Dimed opplever studentar med funksjonsnedsetjingar ikkje berre hinder i undervisningsbygg, bustad og pedagogiske løysingar – men òg økonomisk diskriminering.

Det samla biletet viser at 80 prosent av dei 723 spurte studentane meiner at dei må jobbe hardare med studiet enn andre. 41 prosent svarer at dei har måtta redusere studieprogresjonen. Om lag to tredelar meiner at betre tilrettelegging kunne redusert dei negative verknadane.

Landsmøtet i NHFU ber difor statsråd Iselin Nybø om å utgreie planar og setje i verk tiltak som vil gjere det lettare for unge menneske med funksjonsnedsetjingar å ta høgare utdanning, og dimed kunne bidra i arbeidsmarknaden med kompetanse og vere ein ressurs for samfunnet på lik linje med alle andre.